

Fra: Kjelsberg Birgitte Marie Wilvang
Sendt: 13. januar 2016 12:40
Til: 'fmhopostmottak@fylkesmannen.no'; 'hfk@hfk.no'; 'hordaland@fnf-nett.no'; 'hordaland@naturvernforbundet.no'; 'firmapost@bkk.no'; 'oystein.randal.berge@bkk.no'; 'firmapost@statnett.no'; 'Friis, Anniken'; 'postmottak@modalen.kommune.no'; 'post@modalenkraftlag.no'
Kopi: Moe Rune; Langbråten Henrik; 'Martin.vangdal@smaakraft.no'
Emne: Småkraftpakke Modalen - orientering til sentrale høyringspartar og nettansvarleg
Vedlegg: Kartutsnitt Modalenpakken2.PNG

Vår ref: 201300551, 201300375, 201300373, 201307610, 200905415, 200902925, 201300810, 201301019 og 201300220

Småkraftpakke Modalen - orientering til sentrale høyringspartar og nettansvarleg

NVE har no starta si handsaming av ni småkraftverk i Modalen kommune. Ved ei slik samstundes handsaming av fleire saker i ein pakke har vi opplevd at høyringspartar synast at dei får betre tid, og kjenner prosjekta betre før dei kjem med fråsegn om det einskilde prosjektet og prosjekta samla. Mange ynskjer å synfare områda sjølve før dei uttalar seg. Vi har difor starta med å opplyse om handsaming av sakene før sjølve høyringa. Informasjon om framtidige pakkar finn ein òg på NVE si heimeside.

I eit forsøk på å gjere det lettare for kommunane, Fylkesmannen, fylkeskommunen, FNF og andre sentrale høyringspartar legg vi òg ved eit kartutsnitt av området over dei ni prosjekta. Kartet er førebels, og nytt høyringskart leggjast ut på den einskilde saka i nær framtid. I dag finst søknadane berre som førebels utkast, og prosjektsøknaden kan difor bli noko omarbeidd før høyringa. Prosjektområda vil i all hovudsak liggje innanfor det som er skissert. NVE tek til med sakshandsaminga i disse dagar.

Dette er berre meint som informasjon om kva som kjem på høyring. Vi ynskjer altså ingen uttale no. Dette gjev dykk høve til å synfare området før høyringa endar. Høyringa vil bli sett til ei tid etter påske i år. Vi kan også informere at vi kjem til å ha ein noko lengre høyringsperiode samanlikna med enkeltsaker.

Om kommunen ynsker å sette av ein sakshandsamar no, ta gjerne nærare kontakt for å halde ein god dialog gjennom heile sakshandsaminga.

Dei ni sakene i Modalenpakken er:

Kraftverk	Søkker	GWh	MW	Lenker	Sakshandsamar
Nåmdalselva kraftverk	Modalen Kraftlag Ba	10,3	4,2	her	Rune Moe
Tverråni kraftverk	Modalen Kraftlag Ba	5,8	2,2	her	Rune Moe
Budal II kraftverk	Modalen Kraftlag Ba	3,1	9,2	her	Rune Moe
Kvernhusfossen kraftverk	Modalen Kraftlag Ba	8,6	2,7	her	Birgitte Kjelsberg
Todeilselva kraftverk	Småkraft AS	6,7	2,7	her	Birgitte Kjelsberg
Sollielva kraftverk	Småkraft AS	6,1	2,0	her	Birgitte Kjelsberg
Seljedalselva kraftverk	Modalen Kraftlag Ba	5,8	2,3	her	Henrik Langbråten
Bleidalselva kraftverk	Modalen Kraftlag Ba	4,6	1,9	her	Henrik Langbråten
Almelidelve kraftverk	Modalen Kraftlag Ba	4,5	1,7	her	Henrik Langbråten

Lenke til informasjon om kraftverke er gjeve i tabellen over. På nettstaden vil ein til ein kvar tid kunne hente ut informasjon om prosjekta: Viktige dokument i saka publiserast her, og når søknadane kjem på høyring vil dei òg leggst ut her.

Nettkapasiet

Vi ber områdekonsesjonær om å gje ei vurdering om det er nettkapasitet tilgjengeleg for kraftverka i pakken. I tråd med gjeldande praksis, kan knyting til distribusjonsnettet skje i medhald av områdekonsesjon. Om eitt eller fleire småkraftverk utløyser krav om auke i regional- eller sentralnettet, må nettselskapet leggje fram søknad om naudsynte konsesjonar slik at desse kraftverka får tilgang til nett, eller søkje om fritak for plikta om tilgjenge, jf. § 3-4 i energilova og 3-4 i energilovforskrifta. Områdekonsesjonær har eit ansvar for å ha oversikt i sitt område og gje riktige innspel til overordna nettselskap for at å dei òg skal ha høve til å planlegge for det dei ser som naudsynt i sitt nett.

Informasjon om sakshandsamarane i NVE:

Rune Moe, epost rmo@nve.no, telefon 22 95 93 15

Birgitte M. W. Kjelsberg, epost biwi@nve.no, telefon 22 95 90 32

Henrik Langbråten, epost hela@nve.no, telefon 22 95 94 18

Ta gjerne kontakt om det er spørsmål.

Med helsing

Rune Moe, Birgitte Kjelsberg og Henrik Langbråten

Seksjon for småkraftverk | Konsesjonsavdelinga

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Middelungt. 29, Pb. 5091 Majorstua, 0301 Oslo

Telefon sentralbord: 09575

E-post: nve@nve.no | nettstad: www.nve.no

